



Slik er utsikten frå kyrkja mot C1-feltet ved Rabben Feriesenter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Riksantikvaren har nå gjeve uttale om reguleringsplanen for området rundt kyrkja i Uskedalen og vurderer at det berre er planane for området C1 (grønt felt på illustrasjonen under) som vil få konsekvensar for kyrkja.

Riksantikvaren viser til at det her er plassert faste campingvagnar med "tretelt" framfor og minner om føresegnene som set vilkår for oppføring av slike bygg. Mellom anna skal storleiken ikkje overstiga 12 kvadratmeter og breidda ikkje 2,5 meter ut frå campingvogna.

Riksantikvaren vil berre rå til tretelt i ytterkantane av C1 slik at 60-metersonen til kyrkja blir halden open. Han meiner også at "fargane skal ikkje vera skjammande" er upresis og ber om at føre segna blir spesifisert (Det er fargen på treteltet det her blir sikta til) .

Også kyrkjegardskonsulenten har uttala seg og skriv at kyrkje og kyrkjegard får grannar i vest og sør som i visse høve kan framstå som ueigna. Kyrkjestaden bør vera verna mot støy og upassande utsyn og innsyn.

Difor peiker konsulent Helge Klingberg på at det mellom område "Båt 3" og kyrkja (vestover) og mellom C1 og kyrkja (sørover) bør regulerast inn eit parkbelte som kan gje plass for vegetasjon. Det vil truleg gje det nødvendige vern for kyrkjestaden. Parkbeltet bør skjøttast av kyrkjegarden.

Av Ola Matti Mathisen



Riksantikvaren: Tretelt berre i ytterkantane av C1.